



Kenneth Stensletten, Per Hjelmeland og Hallvard Fausk frå Tekniske tenester legg nytt tak på leike- og utstyrshytta i barnehagen.

**Det er utført mykje godt vedlikehaldsarbeid på barnehagen i sommar. Alle bygga er målt. Det same er bosskuret. I desse dagar vert det lagt nytt tak på leike- og utstyrshytta. Arbeidet vert gjort av vedlikehaldsarbeidarar i Kvinnherad kommune.**

Taket på redskapsbua var rote. Det var lekkasje og alt som er lagra i hytta, fekk hard medfart. No er taket rive. Det vert lagt nytt sutak og papp. Uskedalen.no snakka med arbeidarane frå Tekniske tenester i dag. Dei er godt nøgde med alt arbeidet som er gjort på barnehagen i Uskedalen denne sommaren. Eit vedvarande og godt vedlikehald er viktig for å ta vare på den kommunale bygningsmassen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal